



Interkommunalt politisk råd Nord-Gudbrandsdal

Retningslinjer for å søke om støtte til kultur- og naturbasert næringsutvikling 2023

Interkommunalt politisk råd (IPR) for Nord-Gudbrandsdal definerer kultur- og naturbasert næringsutvikling som ein aktivitet med kommersielt fokus som byggjer på regionen sin natur- og kulturrikdom.

IPR ønsker at aktivitetane kan bidra til ei utvikling og modernisering av næringar innan opplevingar i regionen, og at dei skal gje økonomiske ringverknader. Eksempel på økonomiske ringverknader kan vera overnatting, servering, transport, varehandel, honorar til friviljug sektor m.m.

IPR vil bruke ein brei definisjon av kva slags tiltak og arrangement som vert definert innanfor "kultur- og naturbasert næringsutvikling".

Det er ønskeleg at tiltaka blir arrangert gjennom året slik at dei får størst utbytte av felles kompetanse, utstyr og ikkje konkurrerer om friviljuge eller publikum.

Retningslinjer for å søke:

- 1. Aktiviteten skal ha privat eller friviljug eigarskap**
- 2. Aktiviteten skal ha kommersielt fokus som gjev økonomisk effekt for bedrifter og/eller frivillig sektor**
- 3. Årvisse aktivitetar med underskot over fleire år må vise til nødvendig omstilling/utvikling for å bli prioritert**
- 4. Arrangør skal leggje fram eit budsjett med minimum 50 % eigeninnsats i form av billettinntekter, salsinntekter, eigenkapital og/eller arbeidsinnsats**
- 5. Aktiviteten skal eigast av ein registrert organisasjon (registrert i foretaksregister eller friviljugregister). Som hovudregel skal forretningsadresse vera i Nord-Gudbrandsdal**
- 6. Kostnader til fysiske investeringar kan ikkje vera ein del av søknadsgrunnlaget**
- 7. Aktiviteten skal gjennomførast i Nord-Gudbrandsdal.**
- 8. Aktiviteten bør ha eit langsiktig perspektiv med utviklingspotensial**
- 9. Aktivitetar som fremjar samarbeid blir prioritert**